



Abo Plan & Arkitektur As  
Postboks 291  
5203 Os

Referanser:

Dykkar:

Vår: 21/796 - 22/6382

Sakshandsamar:

Roald Kvingedal

roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:

21.07.2022

## Melding om avgjer etter anbudsforespurnad - reguleringsplan for Hosteland Vest for Masfjorden kommune.

På vegne av Masfjorden kommune vil me med dette takka for mottatt tilbod på interessa med å gi tilbod på reguleringsplan for Hosteland Vest for Masfjorden kommune.

ABO Plan & Arkitektur AS vert med dette tildelt arbeidet med reguleringsplan for Hosteland Vest for Masfjorden kommune.

Grunngevinga for tildelinga er at dette føretaket kom best ut i høve den andre tilbydaren etter vurdering gjort etter tildelingskriteriene gjeve i konkurransegrunnlagt med saksnummer 21/796 frå Masfjorden kommune knytt til innhenting av tilbod. Nedunder er tildelingskriteria vist:

Tildelingskriterier	Skildring	Vekt
Kompetanse	I konkurransen vil kommunen vekte kompetansen på dedikerte medarbeidarar i prosjektet.	40%
Pris	Her vert timesatsar på dedikerte medarbeidarar lagt til grunn, og andre prisreglar.	40 %
Framdrift og skildring av arbeidet.	Framdriftsplan og skildring av arbeidet, gjennomføringsevne	20%

Nedunder vert tilboda samanlika i høve dei tre tildelingskriteria, og lagt inn i tabell for utrekning av poengsum. Begge tilbydarane er kvalifiserte til å få oppdraget. Beste tilbod får 10 i score innanfor kvart av kriteria.

**Pris:**

Norconsult AS kom med eit tilbod på like over krone 1100,- i gjennomsnitt pr time eks. mva. for sitt personell, og fekk med sine oppgjevne timeprisar 8 i score på priskriteriet- som er vekta med 40 %. Oppdragsleiar har ei timeløn på krone 1200,-, og ansvarleg for KU ligg på krone 1150,- og ansvarleg for ROS på krone 1250,- Andre medarbeidarar varier frå krone 1050,- og krone 1100,- per time. Når ein vektar dette med timeinnsatsen til den einskilde som er oppført i honorarbudsjetten ser det ut til at snittprisen kan koma på rundt krone 1114,-

På første plass på pris kom ABO Plan & Arkitektur AS, som får 10 i score på priskriteriet, sidan 5 av deira medarbeidarar skal ha ei timeløn på krone 1050,- eks mva, og krone 1200,- på ein VA-ingeniør. Timeprisen fordelt ut over alle dei 6 dedikerte medarbeidarane i høve honorarbudsjetten vert då utrekna til ca 1.065,- i gjennomsnitt. Differansen mellom selskapa med omsyn på timepris vert då ca 49 krone per time. Sidan dei fleste medarbeidarane har same timeløn i ABO Plan & Arkitektur AS, er deira budsjett også meir pårekeleg enn konkurrenten Norconsult AS.

**Framdrift og skildring av arbeidet:**

Alle dei fire føretaka svarte godt for seg med omsyn på oppgåveforståing knytt til skildring av arbeidet, gjennomføringsevne og framdriftsplan, som vart vekta med 20 %, og her får dei lik score, 10 poeng kvar.

**Kompetanse:**

Når det gjald kompetanse som er vekta med 40 % vert føretaka vurdert på følgjande måte:

Tema/ undervektning i %	Norconsult AS	ABO Plan & Arkitektur AS
<b>Prosjektansvarleg/ oppdragsleiar</b>  25 %	Truls Eskeland, master i samfunnsgeografi (2010) har hatt nokre få oppdrag (rundt 3) tidlegare som oppdragsleiar, det første i 2017. To av desse var innan reguleringsplanarbeid.  <b>Poeng 8 x 0,25 = 2,0</b>	Ola Klyve Dalland har jobba som arealplanleggjar sidan 2008, og vore fast oppdragsansvarleg for ABO Plan & Arkitektur AS i svært mange reguleringsplanar heilt tilbake til 2011. Utdanna som ressursgeolog ved Høgskulen i Sogndal 2006.  <b>Poeng 10 x 0,25 = 2,5</b>
<b>Fagansvarleg konsekvensutgreiing</b>  20 %	Lene M.Rabben, ferdig utdanna master naturforvaltning i 2015. Relevant og god arbeidsrøynsle sidan 2015 knytt til mellom anna KU.  <b>Poeng 10 x 0,2 = 2</b>	Ola Klyve Dalland har jobba som arealplanleggjar sidan 2008, og jobba med utgreiingar for ABO Plan & Arkitektur AS i svært mange reguleringsplanar heilt tilbake til 2011. Utdanna som ressursgeolog ved Høgskulen i Sogndal 2006.  <b>Poeng 10 x 0,2 = 2</b>

<p><b>Fagansvarleg ROS</b></p> <p>10%</p>	<p>Tore Andre Hermansen – fagansvarleg ROS. Han er utdanna master i risikostyring og sikkerheitsleiing ved Universitetet i Stavanger. Lang røynsle.</p> <p><b>Poeng 10 x 0,15 = 1,5</b></p>	<p>Bjørnar Opheim Boge har 3 års røynsle som arealplanleggjar i ABO plan og arkitektur. Har Master i klimaendringar.</p> <p><b>Poeng 5 x 0,15 = 0,75</b></p>
<p><b>Fagansvarleg plankart</b></p> <p>10%</p>	<p>Sissel Hovland er utdanna arealplanleggjar med mastergrad i fysisk planlegging og bachelorgrad i geografi frå NTNU. Ho har over 11-års erfaring med arealplanlegging på ulike nivå og har god kjennskap til planlegging etter plan- og bygningslova</p> <p><b>Poeng 10 x 0,1 = 1</b></p>	<p>Aleksandra Kurzynska-Janiszewska. Mastergrad i hovedfag: arealplanlegging frå 2001. Ho har over 20 års røynsle i arealplanlegging, i stor grad som oppdragsmedarbeidar knytt til reguleringsplanar.</p> <p><b>Poeng 10 x 0,1 = 1</b></p>
<p><b>Medarbeidar planmateriell</b></p> <p>15%</p>	<p>Emilie Helland Moe Emilie er utdanna arealplanleggjar med mastergrad i fysisk planlegging ved Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, NTNU, frå 2021. Frå tidlegare har ho ein bachelor i geografi frå same universitet.</p> <p><b>Poeng 6 x 0,15 = 0,9</b></p>	<p>Mathilde Ilper Johnsen har master i by- og regionplanlegging frå Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU) i 2015. Mathilde har vært ansatt som arealplanlegger hos ABO Plan &amp; Arkitektur AS sidan 2020.</p> <p><b>Poeng 10 x 0,15 = 1,5</b></p>
<p><b>Spesialistar</b></p> <p>20%</p>	<p><b>Heike Butter</b> – Fagansvarleg VA (30 års røynsle). Ho har 30 års erfaring frå ingeniørverksemd innan VA-teknikk, veg og bygningstekniske konstruksjonar. I Norconsult har ho jobba som oppdragsleiar, fagansvarleg og oppdragsmedarbeider i mange ulike prosjekt.</p> <p><b>Joanna Gocalek</b> – Fagansvarleg illustrasjonsplan: Ho er utdanna landskapsarkitekt med master frå AHO (Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo) i 2016.</p>	<p><b>Adis Grabovac</b>, VA- ingeniør: Han har 9 års røynsle frå konsulentbransjen, med prosjektering av VAO-anlegg, samt oppfølging/kontroll av utføring. Spisskompetansen ligg innanfor VA-transportssystem og overvasshandtering, inkludert modellering av overvassnett, flomkartlegging og LOD-tiltak</p> <p><b>Rene U. Olsen</b> – Vegingeniør - Bachelor Ho har 6 år med relevant røynsle med planlegging av vegar på reguleringsplannivå, detaljregulering og</p>

	<p><b>Line Elvøy</b> - Fagansvarleg vegplanlegging: er utdanna vegingeniør ved HIB (Høgskulen i Bergen) i 2002 og har sidan jobba i Norconsult som fagansvarleg veg, og som oppdragsleiar i mange prosjekt.</p> <p><b>Mona Hermansen</b> – Kvalitetssikrar - reguleringsplan: Sidan 2009 har ho, i si stilling som planleggjar i Norconsult, hatt praksis som oppdragsleder og fagansvarleg for plan i ulike typar oppdrag. <b>Poeng 10 x 0,2 = 2</b></p>	<p>byggjeplannivå. Utarbeiding av modellgrunnlag, teikningsgrunnlag etter Statens Vegvesen sine handbøker.</p> <p>Ved behov skriv ABO Plan &amp; Arkitektur AS at dei har tilgang på fleire ressurspersonar knytt opp til oppgjevne fagområde og andre fag som kan vere aktuelle i planarbeidet. Dette er personell som kan nyttast ved behov. Desse andre personane er ikkje konkretisert.</p> <p><b>Poeng 6 x 0,2 = 1,2</b></p>
<b>Sum vekta poeng</b>	<b>9,4</b>	<b>8,95</b>

Norconsult AS får høgast score på 9,4 med personell med god kompetanse, lang røynsle og relevant praksis, deretter kjem ABO Plan & Arkitektur AS med 8,95.

Nedunder er tabell vist med vektning, score og poengsum:

Selskap	Pris			Kompetanse			Gjennomføring			SUM
	vektning	score	poeng	vektning	score	poeng	vektning	score	poeng	
Abo Plan&Arkitektur	40%	10	4,0	40%	8,95	3,58	20%	10	2,0	9,58
Norconsult AS	40%	8	3,2	40%	9,4	3,76	20%	10	2,0	8,96

Konklusjonen er når alle tre kriteriene er teke med at ABO Plan & Arkitektur AS kjem best ut med ein poengsum på 9.58.

#### Konklusjon:

På bakgrunn av innkomne tilbod har Masfjorden kommune intensjon om å inngå avtale med ABO Plan & Arkitektur AS med reguleringsplan for Hosteland Vest for Masfjorden kommune.

Klagefristen for avgjerda vert sett til torsdag den 28.07.2022, det betyr at eventuell klage må vere Masfjorden kommune i hende innan den 28.07.2022.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Mottakarar:**

Abo Plan & Arkitektur As  
Norconsult As

Postboks 291  
Postboks 626

5203  
1303

Os  
Sandvika